

”HELSE 2020, STRATEGI FOR HELSEREGIONEN”

HØYRINGSUTTALE FRÅ BRUKARUTVALET I HELSE VEST RHF.

Brukarutvalet har vore representert i prosjektet Helse 2020 og har dermed, ved fleire høve, fått orientering om framdrifta i prosjektet.

Me har den klare opplevinga at det her er lagt ned eit grundig arbeid, noko som også den ferdige rapporten klart syner.

Brukarutvalet har gjennomgått dokumentet og er nøgde med den tilnærminga Helse Vest skal arbeide etter for å møte utfordringane.

Pasientane vil i større og større grad vente å møte ei spesialisthelseteneste der det er sterk fokus på kvalitetssikring, medverknad og respekt for mennesket.

Vidare vil opptrening og rehabilitering vere noko som er sjølvsgagt i den samla behandlingsskjeda.

Det vil vere lite aksept for at naudsynt behandling av alvorlege og kroniske sjukdomar skal stoppe opp av økonomiske grunnar.

Brukarutvalet tykkjer at dei kommunikasjonsmål som er lagt til grunn i Helse 2020 er både viktige og dei rette måla.

Brukarutvalet har stor respekt for det grundige arbeidet som ligg til grunn for dette dokumentet, og ventar å bli halde orienterte om prosessen framover.

Brukarutvalet tek det som sjølvsgagt at brukarane blir tekne med i det vidare arbeidet framover.

Brukarutvalet vil nøye fylgje med i gjennomføringa av Helse 2020. Me ynskjer å vere både kritiske og konstruktive.

15. juni 2007.

Regionalt brukarutval i Helse Vest RHF

**Jostein Melheim
nestleiar**